



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 26.08.2015
Vår ref.: 2015/7100-3
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 15/2535 – 15/23212

Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - søknad om bygging av landbruksveg - bakkeplanering - Hope - gnr 126 bnr 2 og 4 - Lindås kommune

Viser til brev datert 02.07.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn og vårt brev datert 31.07.2015 med varsel om kulturhistorisk synfaring. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern

Den 25.08.2015 gjennomførte arkeologar frå Hordaland fylkeskommune ei synfaring i det gjeldane arealet saman med grunneigar Ove Herland. Den omsøkte landbruksvegen er tenkt like sør for eit gravfelt med to gravrøyser og tre moglege rydningsrøyser (Askeladden id. 15787). Røysene er låge og ligg i tett granskog, noko som gjer at gravfeltet er ikkje godt synleg i terrenget. Den nye vegtrasèen ligg nær gravfeltet, om lag 5 meter frå sikringssona på det nærmaste. Eit nytt inngrep så nær kulturminnet vil ha ein skjemmande verknad, men på grunn av topografien på staden kan vi ikkje sjå at det finst andre realistiske eller betre stader kor landbruksvegen kan opparbeidast. Hordaland fylkeskommune krev difor at alt anleggsarbeid, inkludert rydding av skog, vert gjort på ein skånsam måte i område med kulturminne, og at grensa mot kulturminnet vert tydeleg markert i anleggsfasen.

Sjølv om arealet langs den planlagde vegtrasèen vart vurdert til å ha potensiale for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, er det ikkje trong for å gjere ytterlegare registreringar i området. Når det gjeld bakkeplanering har vi ingen merknad i høve kulturminne.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

David Aasen Sandved
fungerande fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.